

# Røros-leken 4.-6. mai – *ei helg i polstakt*



**Sogn og Fjordaneringen arrangerte i år tur til Røros-leken fyrste helga i mai. Ein i alle måtar mykje vellukka tur, trur eg radt alle dei godt 30 som var med, vil meina, på biletet smilande samla rett før heimferda på sundagen.**

Ringen hadde sikra seg Hogne Tellnes som sjåfør på bussen, og med han ved rattet og Bjørg, kjeringa, spelande fløyte i baksetet, bar det i veg dei nesten 40 mila til Røros. Lunsjpause på Elgstua ved Elverum og pissepause lenger nord. Og regn gjekk gradvis over i sludd og snø.

Tor Hauknes spela trekkspel på turen både opp og ned, Anders Fongen spela citer, eit fint strengeinstrument, og Øystein Grimstad førelas litt om geologien i Nord-østerdalen, m.a. det dramatiske Jutulhogget sør om Alvdal. På heimturen fortalde Oddny Feragen om oppvekst og kultur i Os og Tolga. Dei gjorde reisa rikare.

På Røros tok me inn på det gamle, ærverdige familiehotellet Erzscheidergården, og fekk ein fantastisk god 'finnbiff'-middag og blåbærpai der, før dei fleste drog på "Bli kjent-kveld" i det grelt grøne Sangerhuset i Bergmannsgata og hivde seg i dansen til musikk frå Mari Eggens kvintett. Fullt hus og mange kjende frå ulike kantar av landet.

**Laurdagen** var fleirtalet med på omvising med kjentmann i Røros sentrum (foto 2), ved Slegghaugane (foto 3) og Smelthytta og til slutt i Bergstadens Ziir, Røros kirke (foto 4, på neste side), ein forvitneleg runde, men også nokså kjølig. Det låg endå vintrasnø og fersk nysnø der oppe.

Etter turen bar det rett på "Middagsdans" i Sangerhuset, til musikk av Glåmos Spellmannslag, like fullt hus og stor stemning. Etterpå ein noko sein non på Kaffestuggu for nokre av oss.

Han viste oss også 'fattigkvarteret' i Sleggveta ved Slegghaugane.



Røros-guiden vår var leiar i det lokale Fortidsminnelaget, synte oss m.a. Per Amundsagården, som Fortidsminnefor. eig og leiger ut til medlemmer. Foreininga eig også Rasmusgården lenger nede i Bergmannsgata.





**Laurdags kvelden** var det stor, god, gammaldags leikfest i Glåmos samfunnshus, med full middag (reinsdyrsteik), 'opprop' (S&Fj.-ringen var vel største einskildlaget) og helsingar. Kaffi og kaker seinare på kveld, eit kakebord som var det i eit storbrudlaup.

Masse pols sjølvsgagt, men også mange andre slag dans; songdansar, turdansar, gammaldans, rekkjedansar, som det sømer seg ein skikkeleg leikfest, til vel to om natta!! All den gode maten og dansen let seg ikkje ta bilete av, den var for feit og heit...



**Søndagen** gjekk mest halve ringen i kyrkja (og sanna sine (unnlatings-) synder) – før "attpålaget" med meir dans og prat i Sangerhuset, til musikk av mange gode spelemenn.

Turen attende til Oslo, med middag på Miklagard, gjekk

også med musikk og triveleg prat. Og alle var samde om at det hadde vore ein gild tur!

*Alv Reidar D.*, som skriv under på det (tekst og foto)

ES. Kyrkja på Røros har eigen kyrkje(s)katt framleis...

